

Villreinnemnda for  
Setesdalområdet



*Våmur-Raan, Setesdal Austhei og Setesdal-Ryfylke villreinområder*

NVE

Sand 27.09.2017

Uttale til "Overføring av Vestre Melraktjødn - Høring av planendring"

Arbeidutvalet i villreinnemnda handssama saka 21.september 2017. Uttale og saksframlegg ligg vedlagt.

Uttalen blir berre sendt elektronisk.

Med helsing

Jarle Lunde  
Sekretær, villreinnemnda



Sak 20/17

## Overføring av Vestre Melraktjødn - høyring av planendring

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	21.09.17	Jarle Lunde

### Bakgrunnsdokument:

- [Søknad om planendring \(17.08.17\)](#)
- [Høyringuttale frå Villreinnemnda \(18.10.16\)](#)
- [Alle saksdokument \(hjá NVE\)](#)

### Bakgrunn

Sira Kvina kraftselskap søkte om konsesjon til overføring av Vestre Melraktjødn 10.03.2015. Konsesjonssøknaden er under behandling i NVE.

NVE har mottatt søknad frå Sira Kvina kraftselskap, datert 17.08.2017, om endring av planane for overføring av Vestre Melraktjødn til Heimre Flogvatn i Sirdal kommune. NVE skriv:

«Sira Kvina har oppdagat at avrenningen fra Vestre Melraktjødn er ca. 30 % lavere enn det som ble lagt til grunn i konsesjonssøknaden. Dette skyldes at ved stor vannføring går avrenningen fra Østre Melraktjødn ikke via Vestre Melraktjødn som forventet, men i et alternativt løp til bekken like nedstrøms Vestre Melraktjødn. Sira Kvina anser det nødvendig å gjøre tiltak som reduserer flomtapet for å sikre lønnsomheten i prosjektet. I planendringssøknaden er det foreslått tre alternative løsninger. Sira Kvina ønsker fortrinnsvis å bygge en sperredam ved det alternative utløpet fra Østre Melraktjødn, og lede vannet i et rør til Vestre Melraktjødn. Det er planlagt å spreng ut en 85 m lang skjæring i fjellet der røret skal gå, og benytte sprengstein til å dekke over inngrepet.

I den opprinnelige konsesjonssøknaden er prosjektområdet vurdert til å ha liten til middels verdi for landskap. Videre er det oppgitt middels verdi for terrestrisk miljø og rødlistearter og liten verdi for akvatisk miljø. Grensen til Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde går mellom Østre og Vestre Melraktjødn, og et av de foreslåtte alternativene i søknaden innebærer tiltak i verneområdet».

Til den opphavelge søknaden ga Villreinnemnda følgende uttale:

*Inngrep og forstyrningar har gjort villreinen sitt leveområde stadig mindre og meir oppdelt. Dette gjeld ikkje minst i Setesdal Ryfylke. Ein må unngå at ein bygger ned villreinen sitt leveområde bit for bit.*

*Overføringa av Vestre Melraktjødn vil vere eit nytt inngrep i villreinområde. Villreinnemda meiner likevel at overføringa ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. I utbyggingsperioden forutsetter villreinnemda at arbeidet blir gjennomført i sommarhalvåret slik at ein unngår å uroe dyra unødig om vinteren når dyra er mest sårbare.*

*Eit kompensierende tiltak for villreinen som er nærliggande å trekka fram i samband med aktuell overføring, er utbetring av fleire strekningar på Brokke-Suleskarvegen slik at den utgjer ein mindre barriere for villrein under trekket. Ein bør greie ut kor ein best kan gjere slike tiltak. Bruk av tunnelmassar frå utbygginga bør kunne nyttast til eit slikt tiltak.*

## Vurdering

Sakshandsamar viser i sin heilheit til villreinnemda sin tidligare saksframlegg og uttale. Her blir det vist til at ei bit for bit utbygging i nasjonalt villreinområde ikkje er bra. Saka blir likevel vurdert slik at *overføringa ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen.*

Hovudspørsmålet for villreinnemda er då om dei nye inngrepa endrar dette synet og om det er nokre av alternativa som er betre enn andre.

I tillegg til det som er vurdert i tidligare søknad vil det bli nokre mindre installasjonar og inngrep. Alternativ 2 og 3 vil begge påverke vasstanden i Øvre Melraktjødn, men det kjem ikkje fram av søknaden om dette vil kunne påverke isforholda. Dersom vatnet blir islagt som i dag har inngrepa i seg sjølv, slik sakshandsamar ser det, eit lågt konfliktpotensial. Då det ikkje vil bli lagt noko veg i samband med utbygginga vil det ikkje bli auka ferdsel i området som kan påverke villreinen.

Tidligare konsekvensanalyse peikar på at det er grunn til å tro at det er «anleggsarbeidet i området rundt Melraktjødnene som vil gi størst negativ påverknad dersom rein oppholder seg i området. Det forutsettes at anleggsarbeidet ved Melraktjødnene blir lagt til sommerhalvåret da dyra er mindre sårbare i denne perioden, samt at det er mindre sannsynlig at de oppholder seg i dette området på sommeren». Eventuelle nye tiltak jfr planendringssøknad bør difor ikkje gå utover den anleggstida ein elles ville ha nytta.

## Forslag til vedtak

Villreinnemda meiner at ei planendring ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. Anleggstida bør vere så kort som mogleg.

Me viser elles til tidlegare uttale.

## Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

## Uttale

Villreinnemda meiner at ei planending ikkje vil gi ei vesentleg negativ påverknad på villreinen etter at anleggsfasen er avslutta. Anleggstida bør vere så kort som mogleg.

Me viser elles til tidlegare uttale.